03
2023
84. ÅRG.

# Preikestolen

KYRKJEBLAD FOR HJELMELAND, FISTER, ÅRDAL, STRAND, JØRPELAND OG FORSAND SOKN



# KYRKJE-Valet

4 KYRKJE-VALET
22 DI STEMME TEL I KYRKJEVALET

# Preikestolen

NR.3, AUGUST 2023.
84. ÅRG.

## INNHALD

| | |
|---|---|
| Frå redaksjonen | 2 |
| Andakt | 3 |
| Kirkevalget 2023 | 4 |
| Hjelmeland Sokn | 8 |
| Fister Sokn | 10 |
| Årdal Sokn | 12 |
| Jørpeland Sokn | 14 |
| Forsan Sokn | 16 |
| Strand Sokn | 18 |
| Salme | 20 |
| Oppslagstavla | 20 |
| Di stemme tel i kyrkjevalet | 22 |
| Slekters gang | 23 |
| Info om kyrkjekontor | 26 |
| Gudstenester | 27 |

FRÅ REDAKSJONEN

## «Ei kyrkje for alle, og alle for Kristus»
## «Inn til Kristus, ut til alle»
## «Åpen kirke – levende tro»
## «Ei kyrkje med rom for alle»

Kva er dette? Jo, det er visjonane til kyrkjelydane våre. Store ord? Ja, men dei syner og ei retning og eit fokus for kva ein ønskjer kyrkja skal vera. Det er dette dei har jobba mot i denne soknerådsperioden i Hjelmeland, Fister, Årdal, Forsand, Strand og Jørpeland. No er det snart tid for å gi stafettpinnen vidare. Mange representantar gir seg nå, og mange stiller til ny periode. Takk for innsatsen både til deg som gir deg nå, og til deg som stiller på ny. Takk òg til deg som stiller for første gong! Takk at de ønskjer å gi både tid og krefter for framleis å løfta visjonane, framleis bygga kyrkjelydane, framleis legga til rette for trusopplæring, gudstenestefeiring, diakoni og omsorgsarbeid, misjon for å nemna nokre av oppgåvene.

Så veit me at soknerådet ikkje kan klara jobben åleine. Må me oppmuntra kvarandre til å gå saman for å byggja kyrkjelydane i ytre Ryfylke. Til å be for alt arbeidet som blir drive, og kanskje ta bøna i songverset skrive av Sigurd Lunde til vår:

*Lær oss elske hverandre og se kva det er*
*Du har ment med at vi bor der vi bor!*
*Hjelp oss vitne om Jesus for fjern og for nær.*
*La ditt ord nå ut til hele vår jord!*

*Siv Fossan*

**Adresse:**
Postboks 188
4126 Jørpeland

Neste nr. kjem 3. oktober.
Frist for innlevering av stoff er 25. august

**Redaksjon:**
Marit Rødland
Liv Åse Gaard
Yvonne Langeland Meltveit
John N. Nessa
Haldis Karine Nilsen
Siv Fossan
Reidunn Ferstad
Anne Brit Hatleskog

**Kyrkja sin kontaktperson:**
Liv Åse Gaard
kyrkja@strand.kommune.no

Får de ikkje Preikestolen i postkassen, kan de ta kontakt med eitt av kyrkjekontora.
Sjå tlf. nr. s. 26.

Abonnementspris: Kr 300 pr år eller kr 80 pr. blad.

Bankgiro **3205.30.06158** eller
vipps-nummer **105004**

**Design og trykk:**
Ålgård Offset
Opplag: 7400

**Framsidefoto:**
Relieff altertavla Tau kyrkje
Kunstnar: Per Odd Aarrestad

TRYKT I NORGE NO - 4660
SVANEMERKET Trykksak 2041 0652
GRØNT PUNKT



# DEI GODE VAL...

TEKST: SIGRUNN HAGEN ARNESEN

Livet består av mange val. Alt frå før me står opp kvar morgon til me legg oss om kvelden. Frå livet startar til det endar. Nokre av vala er uskyldige og får få konsekvensar, som valet mellom brunost og kvitost, eller jordbær og bringebær. Andre val er av meir grunnleggande art, som val av skulegang og yrke, ektefelle – eller livssyn.

Ved starten av eit nytt konfirmantår spør ein ofte om kvifor dei valte kyrkjeleg konfirmasjon. Svara er mange: tradisjon, forventningar frå familie, fellesskap med dei andre konfirmantane og gåvene på konfirmasjonsdagen. Fleire svara og at dei valte det fordi dei er kristne, og ønske å læra meir om kva dei er døypte til. Det er viktig at me tar alle val på alvor.

Dei av oss som ber  borna våre til dåp gjer også eit val: Me ønske at borna våre skal tilhøyra kyrkja. Og me ønske alt godt for dei,  at dei skal velja det gode i livet. Alle val føresett fleire alternativ. Men for å kunne foreta gode val, føresett det at vi veit kva som er gode, mindre gode og dårlege val. Derfor er og oppdraging, informasjon, oppfordring og forkynning viktig. Me treng å hjelpa kvarandre til å velja rett: kva er best for oss, for fellesskapet og for andre menneske. Her treng me alle å hjelpa kvarandre og oppmuntra kvarandre.

Ikkje alle menneske i  verda har muligheit til å velja. Det er menneske som lever under terror og undertrykking, overgrep og fattigdom. Menneske som manglar det mest grunnleggande av mat og klede, skulegong og medisin, kjærleik, tryggleik og tilhøre. Eit av dei gode vala me kan gjera er å hjelpa og dela av vår overflod på pengar og ressursar. "Evangelium" tyder "godt nytt", og er ein bodskap me skal dela med andre menneske både i vårt eige lokalsamfunn og ute i verda. Bare når me gjer det kan menneske få eit godt grunnlag å velja på. Men me kan og velja å ikkje dela med andre. Me kan halda alle våre ressursar og verdiar for oss sjølve og bli verande i vår egoisme. Eller me kan velja den gode vegen: å dela våre ressursar og vår tru, og på den måten gjera livet og det store livsvalet betre for andre.

Livet består av mange daglege val. Og uansett kva me vel så gjer me våre val. Slik er det og ved stortingsvalet, og ved kyrkjevalet. Me kan velja mellom dei ulike partia, eller me kan velja å ikkje stemma. Men det er umogleg å ikkje velja. Å ikkje velja blir å ikkje bry seg, det er og eit val. Ved kyrkjevalet skal me stemma folk inn i sokneråd og bispedømmeråd. Kyrkja er under press frå fleire kantar. Derfor er det viktig at kyrkja lokalt og sentralt blir leia av menneske som ønske å arbeida for at kyrkja skal få bevara sin eigenart og ikkje gå på akkord med den Bibelske bodskapen.

Tilhøyre er viktig. Å ha ein stad som er vår, kor me kjenner tryggleik og opplever kjærleik. Gjennom dåpen er me utvalde til å tilhøyra. Me er døypte inn i det kyrkjelege fellesskapet med kvarandre og med Gud. Hugs at du er utvalt av Jesus til å tru og tilhøyra han. Lat derfor også han bli ditt val. Til sjuande og sist dreier det seg bare om dette eine viktige valet…

Ha eit godt val!



# Kirke-valget 2023

**Presentasjon av lister til valg av bispedømmeråd og Kirkemøte**

**Se egen liste til menighetsrådsvalget**



## Stem i kirkevalget!

### Er du en av 3,5 millioner medlemmer i Den norske kirke? Da er din stemme viktig!

**HVORFOR STEMME I KIRKEVALGET?**

Du støtter kirkens arbeid for fellesskap, glede, livsmestring og mening. Kirken inviterer blant annet til dåp, bryllup, babysang, barne- og ungdomsaktiviteter, kor og konserter.

Du bidrar til å ta vare på vår felles kulturarv, i form av kirkebygg og tradisjoner. Du er også med på å støtte kirkens sosiale arbeid for mennesker i sårbarhet, ensomhet og sorg.

Ved å stemme bidrar du til at kirken er en demokratisk folkekirke.

**Valget foregår samtidig med kommunevalget 10. og 11. september. I år kan du også forhåndsstemme digitalt.**

I Rogaland stiller hele 46 kandidater seg til rådighet i bispedømmeråds- og Kirkemøtevalget, fordelt på fire lister. Les om kandidatene på de neste sidene.

DEN NORSKE KIRKE
Stavanger bispedømme

# GODT Å VITE OM VALGET

**HVA ER KIRKEVALGET?**
Kirkevalget er et demokratisk valg der du kan være med å velge hvem som skal styre Den norske kirke de neste fire årene.

**KIRKEVALGET ER TODELT**
Det velges representanter til det lokale menighetsrådet og til bispedømmerådet/Kirkemøtet.

Menighetsrådets hovedoppgave er å forme og utvikle menigheten.

Bispedømmerådet er kirkens regionale styringsledd i Rogaland. Kirkemøtet er Den norske kirkes øverste organ og består av alle medlemmene i bispedømmerådene, sammen med lederen av samisk kirkeråd.

Les mer om kandidatene til begge valgene på **www.kirkevalget.no**

**HVEM HAR STEMMERETT**?
Alle medlemmer i Den norske kirke har stemmerett fra det året de fyller 15 år. Er du døpt og ikke har meldt deg ut, er du medlem i Den norske kirke. Alle medlemmer oppfordres til å stemme! Se ditt medlemskap på **www.kirken.no/medlem.**

**HVORDAN STEMMER DU I KIRKEVALGET?**
Du stemmer samtidig som du stemmer i kommunestyre- og fylkestingsvalget. Kirkevalget skjer i et lokale rett i nærheten av kommunevalget. Eller du kan forhåndsstemme fra 10. august til 6. september, se din menighets nettsider for sted og åpningstider.

**ENKELT Å FORHÅNDSSTEMME DIGITALT!**
Du kan forhåndsstemme når og hvor du vil på nett fra 10. august til og med 6. september 2023. Skann QR-koden eller besøk kirkevalget.no.

Husk at det er hemmelig valg!

## BØNNELISTA

Bønnelista vil videreføre den kristne tro og tradisjon som Den norske kirke har vært tuftet på siden reformasjonen. Bibel og bekjennelse – er og skal være kirkens grunnlag. Den norske kirke skal være en del av Guds synlige kirke på jord, med medlemmer som har Jesus som Herre.

Bønnelista vil arbeide for aktive, levende og lokalstyrte menigheter med ledere som lar seg lede av Den hellige ånd, og som søker Gud i bønn og tilbedelse. Vi har tro på fornyelse og vekkelse i bispedømmets 90 sokn!

Bli kjent med kandidatene på **www.bonnelista.no**



1 Magne Hersvik
f. 1954, Stavanger
Daglig leder



2 Ragna Ristesund Hult
f. 1954, Stavanger
Pensjonert kateket



3 Gerd Håland
f. 1965, Figgjo
Ufør



4 Birgit Johanne Skåland
f. 1947, Moi
Pensjonert rektor



5 Olav Magnus Lundø
f. 1955, Hauge i Dalane
HMS-rådgiver



6 Tor Kjell Mosaker
f. 1952, Veavågen
Pensjonist



7 Tora Himle Holta
f. 1998, Tau
Veterinærassistent



8 Jonathan Siemen Særvoll Heidema
f. 2000, Tau
Student



9 Anne Berit Erfjord
f. 1941, Moi
Pensjonist

Kirke-
valget
2023

## FRIMODIG KIRKE

Frimodig kirkeønsker en kirke som er trofast mot Guds ord, åpen og evangeliserende. Målet er å nå dagens mennesker med evangeliet og utruste til å følge Jesus i hverdagen.

Kirken blir bygget nedenfra og gudstjenestene er pulsslaget. Vi vil gi den lokale menighet større ansvar, redusere sentralstyring og byråkratisering og gi rom for menigheter med ulik profil.

Vi vil stimulere til levende fellesskap med nærhet til Jesus og nærhet til mennesker. Vi ønsker å styrke arbeidet med søndagsskole og trosopplæring, bibelundervisning og Alphakurs, evangelisering og omsorgsarbeid.

Vi vil bidra til trygge og sunne rammer for barn og unge i en grenseløs tid.

Når det gjelder styringen av kirken, ønsker Frimodig kirke å endre valgordningen i kirken bort fra et polarisert partisystem.

En nærmere presentasjon av kandidatene våre i de ulike bispedømmer finnes på **www.frimodigkirke.no**


1 **Therese Egebakken**
f. 1998, Hafrsfjord
Student


2 **Knut Alfsvåg**
f. 1955, Stavanger
Professor


3 **Terese Bue Kessel**
f. 1961, Sola
Studieleder


4 **Kristin Øverland**
f. 1980, Stavanger
Ufør


5 **Bjørn Stornes**
f. 1968, Tananger
Lagermedarbeider


6 **Marit Karin Alsvik**
f. 1953, Hafrsfjord
Pensjonist


7 **Tobias Lien**
f. 1996, Stavanger
Student

## NOMINASJONSKOMITEEN

Nominasjonskomiteens liste er uavhengig av kirkepartier og interessegrupper. Komiteen er satt sammen av lokale menighetsråd og ungdomsråd.

Nominasjonskomiteens liste har som mål at kandidatene skal speile det mangfoldet av oppfatninger som finnes i menighetene. Kandidatene på Nominasjonskomiteens liste presenterer derfor sakene de selv brenner for.

Les mer på
**www.nominasjonskomiteen.no**


1 **Kristine Brunvathne Bjerkestrand**
f. 1984, Hundvåg
Rådgiver


2 **Geir Skeie**
f. 1954, Stavanger
Professor


3 **Camilla Mariann Skjældal Cazon**
f. 1996, Randaberg
Student


4 **Brit Nelly Ness Tveit**
f. 1962, Vikebygd
Familieterapeut


5 **Atle Blomgren**
f. 1970, Stavanger
Seniorforsker


6 **Janne Birgitte Ueland**
f. 1997, Lye
Arealplanlegger


7 **Anne Brit Ree**
f. 1955, Bryne
Pensjonist


8 **Arvid Bø**
f. 1949, Randaberg
Pensjonist


9 **Beate Steinsvik Jansen**
f. 1994, Fogn
Vikar


10 **Haldis Karine Nilsen**
f. 1958, Jøsenfjorden
Plan/forvaltningssjef


11 **Magnar Hole Polden**
f. 1999, Tau
Dataelektroniker


12 **Willy Finnbakk**
f. 1958, Bryne
Bonde

# Kirke-valget
# 2023



**1** Helene Breivik Hellerdal
f. 1983, Haugesund
Adjunkt



**2** Dorrit Vignes
f. 1984, Finnøy
Kvalitetsleiar



**3** Arne Jon Myskja
f. 1952, Nedstrand
Rådgiver/pensjonist



**4** Eirik Faret Sakariassen
f. 1991, Stavanger
Folkevalgt



**5** Marianne Meling Kvamsøe
f. 1994, Sandnes
Bioingeniør



**6** Geir Helge Waaler
f. 1982, Stavanger
Fastlege



**7** Tove Kvamme Kvalevåg
f. 1975, Stavanger
Familiekoordinator



**8** Finn Alexander Johnsen Clementsen
f. 1977, Haugesund
Barnehagelærer



**9** Hanne Randulff Stein
f. 2000, Tananger
Student



**10** Trygve Andre Meyer
f. 1975, Stavanger
Klyngeleder



**11** Camilla Blitzner-Tengesdal
f. 1988, Egersund
Prosjektmedarbeider



**12** Arne Tjelle
f. 1955, Haugesund
Pensjonert vernepleier



**13** Hannah Preston
f. 1998, Haugesund
Student



**14** Jan Hauge
f. 1964, Stavanger
Adm.leder



**15** Solveig Merete Gjertsen
f. 1964, Stavanger
Fagutviklingssykepleier



**16** Per Melvær
f. 1962, Karmøy
Sjukepleier



**17** Gyrid Espeland
f. 1953, Egersund
Pensjonist



**18** Morten Hamra
f. 1996, Sandnes
Student

## ÅPEN FOLKEKIRKE

Siden starten i 2014 har Åpen folkekirke bidratt til at Den norske kirke har blitt mer åpen for et mangfold av mennesker med ulike livserfaringer. Vi har blant annet sørget for at også likekjønnede par skal kunne gifte seg i kirken sin.

Åpen folkekirke ønsker en kirke hvor hele livet kan leves og alle skal kunne kjenne seg velkomne, bli sett og bekreftet. Kirken har ikke A- og B-medlemmer – dåpen er eneste medlemskriterium.

Åpen folkekirke vil at kirken skal videreutvikles som en åpen, inkluderende og demokratisk folkekirke. Vi vil arbeide for å styrke folks tilhørighet til kirken, slik at den kristne troen holdes levende og får betydning for den enkelte.

Kirken skal være åpen for alle, fremme menneskeverdet og motarbeide diskriminering.

Les hele programmet vårt her
**www.apenfolkekirke.org**

**Den norske kirke er Norges folkekirke med 3,5 millioner medlemmer. Med over 75 000 frivillige, 8000 ansatte og 1600 kirkebygg er kirken til stede i hele landet.**

**Kirkevalget**
**2023**

Layout: Martha - enkelt og greit - 4167 2011

# HJELMELAND SOKN



VISJON HJELMELAND KYRKJELYD:

## «EI KYRKJE FOR ALLE, OG ALLE FOR KRISTUS»



TEKST: MAGNHILD MELTVEIT KLEPPA, SOKNERÅDSLEIAR HJELMELAND

Det er ei fin og meiningsfylt oppgåve å vera medlem av soknerådet. Du har høve til å be om tid til å drøfta saker du ikkje så ofte snakkar med andre om. Du ser innanfrå kor avgjerande viktig det er med tilsette som står på i forkynning, i barne- og ungdomsarbeid, i diakoni og i kyrkjemusikalsk arbeid. Du ser også at det er heilt nødvendig med eit sterkt og breitt friviljug engasjement for at flest mogleg skal kjenna seg velkomne og inkluderte i kyrkja.

**Ein lokal handlingsplan**

I Hjelmeland sokneråd har me ein lokal handlingsplan me reviderer kvart år. Der fastset me både gudstenesteplan, val av misjonsprosjekt og offer og førebur ulike arrangement. Me samarbeider med Årdal og Fister sokneråd om nokre tilstelningar. Me legg og vekt på samarbeid med mellom anna Bygdekvinnelag, Storband og Sankefestival. Foredrag av Tania Michelet og Alf Kjetil Walgermo er døme på tiltak der ein vanleg kyrkjegjengar kan oppleva noko ekstra, og der me også inviterer fleire til å vera nysgjerrige på kva kyrkja står for.

***Vel møtt til ein aktiv haust!***

## VALLOKALE OG STEMME-TIDER VALKRETSAR HJELMELAND:

**VALDAGEN 11. SEPTEMBER:**

Hjelmeland Idrettshall,
kl. 12:00 – 20:00

Årdal skule – gymbygget,
kl. 12:00 – 20:00

Fister bedehus,
kl. 12:00 – 20:00

Randøy gamle skule,
kl. 14:00 – 20:00

Vormedalen grendahus,
kl. 14:00 – 18:30

Jøsenfjorden Fjordahuset,
Kl. 14:00 – 18:30

Jøsneset skule – gamlebygget,
kl. 14:00 – 18:30

**FØREHANDSSTEMMING:**

Digital førehandsstemming
frå 10. august.

Hjelmeland kyrkjekontor,
22. august – 07. september,
kl 10:00 – 14:00

Årdal kyrkje, etter gudstenesta
13. august, kl. 12:00 - 12:30

SPØRSMÅL:

# KVA ER VIKTIG FOR DEG Å ARBEIDE FOR OM DU BLIR MED I DET NYE SOKNERÅDET?



**Oddbjørg Rimestad (1950)**

Eg stille meg som kandidat til soknerådet fordi eg føler meg heime i kyrkja. Eg vil vera aktiv i det kyrkjelege fellesskapet, bidra til godt samarbeid med dei tilsette i kyrkja og soknerådet. Eg er eit lojalt medlem av soknerådet og har god erfaring frå tidlegare sokneråd.



**Bente Tednes Gjil frå Jøsenfjorden (1985)**

Dersom eg blir med i det nye soknerådet vil eg arbeida for at me har gudstenester som alle føler seg velkomne og heime i. Å ha tilbod til både ungdommar og eldre er viktig. Eg ønskjer at folk først og fremst skal bli kjende med Jesus, og at det er Han som er viktig, ikkje berre ha «kristendomen» med seg.



**Liv Laugaland (1958)**

Det som er viktig for meg å arbeida for er at alle skal føla seg heime i kyrkja og der få eit møte med Jesus.



**Monica Svendson (1971)**

Jeg stiller først og fremst til valg for å bidra med min del til fellesskapet. Og vil arbeide for at kirka er åpen og inkluderende.



**Magnhild Meltveit Kleppa (1948)**

Eg vil arbeida for ei kyrkje der barn, unge og eldre kjenner at her er det godt å vera, her vil eg høyra til.



**Øystein Bjelland (1955)**

Eg ønskjer at kyrkja skal kunne oppretthalda det gode gudstenestetilbodet vi har hatt til no, og at kyrkja også kan gje tilbod om arrangement for ulike aldersgrupper.



**Egil Ulvestad (1959)**

Det er viktig med ei kyrkje som er aktiv i samfunnsspørsmål som miljøvern og ressursbruk. Ta vare på den jorda me har til låns. Elles er det viktig av kyrkja blir ein samlingsplass utan store krav til likeretting. «Kom som du er» er vel innarbeid.



**Susanna Poulsen (1966)**

Jeg har ikke vært flink til å gå på Gudstjenester, og var svært usikker på om det var rett å foreslå meg. Men kirken er opptatt av mangfold, og det er veldig positivt etter mitt syn. Det er en mulighet til å sette seg inn hvordan vår kirke drives, alle aktiviteter kirken står for og alt det arbeide som ligger i det. Samtidig så er det også en mulighet til å kunne påvirke det.



**Ola Dale (1971)**

Eg vil sitera den svenske kyrkja sin reklamefilm for kyrkjevalet der: Fordi eg trur at kyrkja ikkje har utspelt si rolle, men tvert om betyr mykje for mange.



**Svanhild Førre (1962)**

Eg stille meg til valg fordi eg vil vera med å jobba for ei kyrkja der alle skal føla seg velkomne og inkluderte.

# FISTER SOKN



VISJON FISTER KYRKJELYD:

## «EI KYRKJE FOR ALLE, OG ALLE FOR KRISTUS»



TEKST: INGJERD S NICOLAYSEN, SOKNERÅDSLEIAR FISTER

Hovudområda for arbeidet i soknerådet er gudstenestelivet, diakoni, kyrkjemusikk og trusopplæring. Det er eit mål at dei tilsette og frivillige støttar kvarandre i arbeidet med å skapa gode fellesskap i kyrkja, ikkje minst gjennom trusopplæringstiltaka.

I starten av valperioden som nå ebbar ut, gjorde pandemien det slik at møteplassene våre vart sterkt amputerte. Nå må me arbeida vidare for å laga gode møteplassar for store og små.

### Ei viktig brikke

Kyrkjevertane som ynskjer velkommen til gudstenestene, og serverar kaffi etterpå, er ei viktig brikke i det å bli sett når folk kjem til kyrkjes. Det å møtast på «kyrkjebakken» for ein prat, er viktig for fellesskapet. Me vil ei kyrkje der folk kan kjenne seg velkomne, bli sett og kjenne seg heime i fellesskapet.

### Innsats mot barn og barnefamiliar

Gudstenestedeltakinga på Fister er nokså stabil, men me erkjenner at gjennomsnittsalderen på dei som kjem til gudsteneste er høg og stigande. Difor må innsatsen setjast inn mot barn og barnefamiliar. Me vil ha fokus på deltaking i familiegudstenester og på musikalsk mangfald. Me ser at barnefamiliane har det travelt. Hausten 2023 har soknerådet planlagt to «tysdagsmiddagar» for heile familien på bedehuset. Pensjonistar vil lage middag og ta oppvasken desse dagane. Me håpar dette kan bli ein triveleg møteplass, og at det blir godt mottatt i ein travel kvardag.

### Bygdadagen og bygdatreffet

«Bygdadagen» på Fister er blitt arrangert i gymsalen på skulen over fleire år, til inntekt for misjonsprosjektet i Kamerun. I samarbeid med Bygdekvinnelaget og misjonsforeninga er det kafe, basar og aktivitetar. Dette året vert dagen arrangert 21.oktober. Bygdatreffet på måndagskveldane står for eit inkluderande fellesskap, og er ein sosial møteplass for folk frå alle grendene i kommunen.

### Takk og velkomne!

Fister kyrkjelyd er liten, knappe 400 medlemmer. Mange har vore i ei eller fleire tenester i ei årrekkje, noko me set stor pris på. Takk til alle som står på for gode tiltak i bygda vår, i ulike samanhengar! Samtidig ynskjer me nye frivillige hjarteleg velkomne!

## PRESENTASJON AV KANDIDATAR VALLISTA FISTER SOKNERÅD:

SPØRSMÅL:

# KVA ER VIKTIG FOR DEG Å ARBEIDE FOR OM DU BLIR MED I DET NYE SOKNERÅDET?



**Margunn Helgøy (1976)**

Eg ønsker at kyrkja kan vere ein stad der folk kan møtast og kan få møte Gud.



**Leif Ove Terøy (1950)**

Eg ønsker at Fister kyrkje/kyrkjelyd skal vere ei open og inkluderande kyrkje/kyrkjelyd der alle kan føle seg velkomne og sett. Vi må prøve å rekruttere fleire unge vaksne, ellers vert det ein kyrkjelyd med berre godt vaksne folk. Vi må støtte opp om det arbeidet som vert gjort for born og ungdom, i heile soknet.



**Hilde Sigmundstad (1962)**

Eg vil arbeide for at kyrkja på Fister skal vere open, raus og inkluderande for oss alle. Vidare vil eg arbeide for meir samarbeid mellom kyrkjelydane i kommunen. Eg trur at tiden er moden for å arbeide mot eit sokneråd i prestegjeldet.



**Ingjerd Sigmundstad Nicolaysen (1953)**

Eg vil at kyrkja skal arbeide for at bodskapen vår når ut til alle, små og store. «Jesus ville folk skulle ha ei tru som gjorde dei godt».



**Magnhild Bjørkeland (1972)**

Mitt ønske er at vi skal ha en kirke, som samler generasjon i troen på Jesus og der flere kan få bli kjent med han.



**Guro Stenumgård Lid (1969)**

Barn og unge i menighetsarbeidet er det som er viktig for meg.

# ÅRDAL SOKN



VISJON ÅRDAL KYRKJELYD:

## «EI KYRKJE FOR ALLE, OG ALLE FOR KRISTUS»



TEKST: OLAV FRANTZEN, SOKNERÅDSLEIAR ÅRDAL

I denne perioden har sokneradsarbeidet vore sterkt prega av pandemien. Frå mars 2020 til september 2021 var det nærast unntakstilstand. Avlyste gudstenester, gudstenester med få deltakarar der me måtte sitja med minst 1 meters avstand til kvarandre, avlyste tiltak for barn og unge, avlyste konsertar, gravferder me ikkje fekk gå i, bryllaup mest utan gjester i kyrkja, e Det var ei merkeleg tid, men heldigvis er den perioden forbi, og me har nesten gløymt ut korleis det var. Me er tilbake på sporet, arbeidet i soknerådet og i kyrkja er tilbake til det normale.

### Gode planar å arbeida etter

I Årdal sokn, som i dei to andre sokna i kommunen,  har me heldigvis gode planar å arbeida etter. Kyrkjeplan for Hjelmeland, med lokale planar innanfor kyrkjemusikk, diakoni og trusopplæring, samt soknet sin eigen årlege handlingsplan, gjer at me kan arbeida målretta og evaluera arbeidet etter kvart. På denne måten unngår me å jobba altfor mykje etter innfallsmetoden.

Over det heile har me det overordna oppdraget som har stått nærast uendra sidan sokneråda vart oppretta i 1920: **Å vekka og næra det kristelege livet i soknet.**

### Ein god periode med mange oppgåver

Gjennom denne soknerådsperioden har Årdal sokneråd behandla mange saker, slik eit sokneråd skal gjera. Men me har og tatt på oss arrangøransvaret for konsertar, hatt ansvar for konfirmantmiddag, feira konfirmantjubileum, hatt open kyrkje om måndagane, hatt strikkekafé og støtta opp under språkkaféen for flyktningar. Gudstenestedeltakinga har gått litt opp og ned i perioden. Færre har gifta seg i kyrkja, men talet på dei som døyper borna sine i kyrkja, er framleis høgt. Og dei fleste 14-15 åringar konfirmerer seg i kyrkja. Me har flinke folk i den kyrkjelege staben, og det er heldigvis mange frivillige som gjer ein uvurderleg innsats.

Trass i pandemien, har denne soknerådsperioden vore ein god periode slik eg opplever det.

SPØRSMÅL:

# KVA ER VIKTIG FOR DEG Å ARBEIDE FOR OM DU BLIR MED I DET NYE SOKNERÅDET?



**Asbjørn Tjentland ( 1958)**

Gudstenesta er navet i kyrkja sitt arbeid. Eg ønskjer å fokusera på den slik at den kan bli attraktiv for fleire. Spesielt tenkjer eg at familiar må finne det verdifullt og meiningsfylt å koma på gudsteneste.



**Aud Grimstad (1955)**

Kyrkja er èin kultur-institusjon i bygda vår, og eg ynskjer ei open folke-kyrkje, ei kyrkje for alle.



**Torill Marie Seljeskog (1967)**

Medlem Årdal sokneråd, inneverande periode. Ei tilgjengeleg kyrkje stadig fleire vert glade i , og kjennar seg velkomne i.



**Mickaelle Anjarasoa Nirina Svendsen (1983)**

Er opptatt av at kirka er ein plass som alle kan komme til for å be til Gud og Jesus og å søke om råd og trøst.



**Serina Orstad Waldeland (1999)**

Eg vil arbeida for at kyrkja skal ver en plass der barn og unge har lyst til å koma.



**Inger Johanne Sie (1956)**

Det som er viktig for meg er at det skal være lav terskel for å komme på forskjellige arrangement i kyrkja. Kyrkja er ein viktig del av bygda, og for meg er det viktig at det skjer noko som dei fleste kan kjenne på er noko for dei.» Hallo Venn «konsertar og Strikkekafé er eksempler på slike arrangement. Dåpsopplæring der barna får bli kjent med bibelfortellinger og samstundes bli kjent i kyrkjerommet er og viktig for meg.



**Ine Linn Marthinsen (1982)**

Eg ynskjer å arbeide for at kyrkja fortsett med å vere ein viktig aktør i bygda vår i samarbeid med andre frivillige lag og organisasjonar. Ein stad ein er velkommen og kan kjenne seg heime i dei ulike fasane i livet. Eg ynskjer spesielt å ha fokus på at barn og ungdom kan finne sin plass i fellesskapet i Årdal kyrkjelyd, både gjennom spesifikke trusopplærings-arrangement, men og gjennom dei vanleg gudstenestene.



**Thea Maria Olsen Egeland (1994)**

Eg ynskjer å jobbe for at alle skal føle seg inkludert og velkomne i kyrkja. At det skal vere ein møteplass for folk i bygda, og ha fokus på aktivitetar for barn og unge.



**Ester Dreggevik (1957)**

Eg ynskjer å jobbe med barne- og ungdomsarbeid om eg blir valgt inn i soknerådet.



**Olav Frantzen (1955)**

For meg er alle soknerådet sine ansvarsområder like viktige. Det handlar om trusopplæringa av barn og unge, diakoniarbeidet, det kyrkjemusikalske arbeidet og gudstenestelivet. Skal eg trekkja fram noko spesielt, må det bli gudstenesta. Gudstenesta er pulsslaga i kyrkja, det er her kyrkjelyden kan samlast regelmessig, høyra forkynning, ta i mot nattverden, oppleva at nye vert lagt til kyrkja gjennom dåpen, be for alt arbeidet som skjer elles i kyrkja, og ikkje minst; oppleva eit fellesskap. Soknerådet er styret for kyrkja lokalt, og eg vil leggja vekt på at det må vera god kontakt og kommunikasjon mellom soknerådet og kyrkjelyden.

# JØRPELAND SOKN



VISJON JØRPELAND KYRKJELYD:

## «ÅPEN KIRKE – LEVENDE TRO»

TEKST: MIKAEL S. ZÜLOW, SOKNERÅDSLEDER



En gammel lignelse forteller om en mann som møter to steinhoggere i et steinbrudd. Han står litt og ser på dem, før han går bort og spør hva de driver med. Den ene svarer kort: «Vi hugger stein». Den andre svarer med et smil: «Vi bygger en katedral». Begge to har rett, men perspektivet er ganske ulikt. Kort sagt, den ene har en framtidsvisjon som gir håp, glede og motivasjon i arbeidet. Visjonen angir også en retning for samhandling: sammen for å nå målet.

**Vår visjon i Jørpeland menighet er: Åpen kirke – Levende tro**
Vi ønsker å være en kirke for hele livet, for mennesker i alle livsfaser som søker Jesus sammen. En kirke for alle generasjoner, for barn, tweens, ungdommer, voksne og seniorer. Mennesker fra 0-100 år. Vi står rotfestet i Bibelens budskap og ønsker å formidle de gode nyhetene om Jesus for mennesker i dag.

**Menigheten har tilbud til alle aldersgrupper:**
Baby- og småbarnssang, tweensgrupper, barnekirke under gudstjenestene, speidere, barne- og ungdomskor, Klubb for ungdom med hjelpebehov, barne - og ungdomskor, et spennende konfirmantarbeid. Et av våre store satsningsområder er barn og unge. Vi ønsker å legge til rette for at flest mulig barn og unge blir inkludert og får oppleve gode og kjekke fellesskap. Fellesskap hvor de kan bli bedre kjent med seg selv, med andre og bli styrket i troen på Gud.

### VALLOKALE OG STEMMETIDER JØRPELAND:

**VALDAGEN 11. SEPTEMBER:**
Jørpeland stemmekrets:
Torghuset, Jørpeland kl 0900-2000

**FØREHANDSSTEMMING:**
Digital førehandsstemming
frå 10. august.

Jørpeland kyrkje, menighetskontoret
frå 10. aug. – 8. sep.
mån. - fre. kl. 10-13

Jørpeland kyrkje, menighetskontoret
torsdag 31. aug. frå kl. 15 – 20

Jørpeland kyrkje etter gudstenesta
søn. 3. sept. kl. 12:30-13:30

**Andre møtesteder er Alpha-kurs, husgrupper og kulturarrangementer:**
Alpha-kurs har sammen med Tau vært arrangert i over 20 år, og her har mange fått lære mer om kristen tro og blitt bedre kjent med andre sine tanker om tvil og tro. En husgruppe er en mindre gruppe, ca. 6-8 personer, som samles i hjemmene for å spise sammen, og snakke om liv og tro. Over 200 personer er med i en husgruppe tilknyttet kirken. Kulturutvalget inviterer til temakvelder og konserter.

**Jørpeland menighet er åpen for alle**
Her er plass til deg. Vi hugger stein for stein, og løfter blikket: Vi bygger en katedral: En åpen kirke som utruster til levende tro på Jesus. Drømmen vår er å være en kirke til det beste for Jørpeland sine innbyggere.

SPØRSMÅL:

# KVA ER VIKTIG FOR DEG Å ARBEIDE FOR OM DU BLIR MED I DET NYE SOKNERÅDET?



**Per Inge Nag (1961)**
Jeg ønsker å være en støtte til alt det gode menighetsarbeidet vårt.



**Brit Valheim (1957)**
At kyrkja får vere ein åndeleg heim med rom for menneske i alle fasar i livet, der kvar einskild som søker til kyrkja får oppleve Guds kjærleik og menneskeleg omsorg. Ei kyrkje som har god balanse mellom forkynning og opplæring, og mellom menighetsliv og utadretta verksemd.



**Jan Leland (1956)**
Arbeide for at Jørpeland menighet skal være en menighet som er åpen og inkluderende, og som gir et tilbud til alle aldersgrupper i ulike livssituasjoner. Arbeide for at kirken skal ha gode økonomiske rammer for sitt arbeid.



**Knut Steinar Kvindesland (1968)**
Om jeg blir med i det nye soknerådet vil det være viktig for meg å bygge videre på det som allerede fungerer bra. Videre må vi ha fokus på barnearbeidet og sikre etterveksten.



**Dag Lieungh (1948)**
Jeg vil ha fokus på diakonalt arbeid og omsorgsarbeid for mennesker i ulike livskriser.



**Ragnhild Tjemsland (1951)**
Jeg vil arbeide for at menighetsrådet skal jobbe sammen som et godt team for å kunne bidra til en åpen, inkluderende og levende kirke der det er rom for tvil og tro, sorg og glede.



**Aino Aase (1949)**
Det er viktig å fortsette arbeidet med å være raus menighet der alle føler seg velkomne og kjenner at der er godt å være i ulike faser i livet. Så ønsker jeg å videreføre arbeidet med å ha gode møteplasser for både barn, ungdom og voksne.



**Arild Skappel (1946)**
Jeg vil være med å støtte og videreutvikle den gode kirken på Jørpeland.



**Gunnlaug Angell (1954)**
Jeg synes for min del at det er kjekt å være med å støtte arbeidet som gjøres i kirken vår. Her er terskelen lav, og det er viktig å ta kontakt med nye personer som kommer inn i kirka.



**Gro Ytredal (1960)**
Som soknerådsmedlem vil jeg være med på å gjøre kirken til et godt sted å være for alle.

# FORSAND SOKN



### VALLOKALE OG STEMME-TIDER FORSAND:

**VALDAGEN 11. SEPTEMBER:**
Forsand kyrkjekontor,
Fossanvegen 380, kl. 09:00 – 21:00

**FØREHANDSSTEMMING:**
Digital førehandsstemming
frå 10. august.

Forsand kyrkjekontor
torsdag 31. august frå kl. 15 – 20

Forsand kyrkje, kyrkjetorget etter gudstenesta søndag 3. september

Kraftstasjonen, Forsandheimen etter andakten 7. september, 11:15 – 12:00

Fellesrådskontoret i Lundegeilen 16, frå 10. august – 8. september. (Ganddalen, Sandnes)

VISJON FORSAND KYRKJELYD:

## «INN TIL KRISTUS – UT TIL ALLE»



TEKST: MONA BERGE, SOKNERÅDSLEIAR FORSAND

*Dette er en visjon som jeg synes er talende for hva vi ønsker med arbeidet vårt i soknerådet og kirken vår i Forsand: Inn til Kristus – ut til alle!*

Vi ønsker at flere skal få en tettere relasjon til Jesus, og at flere kan få bli kjent med han.Dette har vi hatt som fokus i arbeidet vårt de siste fire årene. Vi har hatt ekstra fokus på arbeidet blant barn og unge, og det å få til små felleskap for voksne.

